sier nei

dag, der flere vil slite med å få lån til hus og etablering.

Det er også grunn til å frykte at en utstrakt vikarbruk vil gå ut over fagutdanning og rekruttering til ulike yrker. Det må finnes stabile arbeidsmiljø som kan ta imot lærlinger og videreutvikle fagkompetansen. Over tid vil dette også gå ut over kvaliteten på tjenestene.

Et arbeidsliv med flere vikarer vil føre til at den enkelte arbeidsgiver får mindre ansvar for dem som jobber i bedriften. Dette gir mindre sannsynlighet for ryddige arbeidsforhold.

Det blir også vanskeligere å organisere ansatte, når tilhørigheten til en arbeidsgiver fjernes.

Direktivet griper også inn i kollektive avtaler. Det betyr at tariffavtaler som har «begrensninger» eller andre reguleringer av midlertidig ansettelser vil måtte endres som følge av EØS-avtalen.

På sikt vil dette kunne gå hardt ut over fagbevegelsens posisjon og dermed svekke arbeidstakernes stilling.

Dette er en utvikling som ikke må få feste i norsk arbeidsliv.

Derfor må regjeringen bruke reservasjonsretten.

Fagforbundet Hedmark
Representantskapet

takurser

en generelle utviklingen i amfunnet.

HA ønsker vekst og utvikling Hedmark, vi andre ønsker også et.

Finansmarkedet er et drivverk for handel og økonomi. Beytt derfor deres innflytelse til å timulere interessen ved å holde ss oppdatert på viktige nøkkelall!

Helgestad
bonnent og finansinteressert

VI HAR PYNTE TRE : Julekveldsvisa er nøytral og språkpolitisk «ufarleg», skriv Jens Haugan.

FOTO: JENS ERIK JENSRUD

Julekveldsvisa, suksess på dialekt

Mange kallar Julekveldsvisa ofte berre «Nå har vi vaska golvet». På Google får ein cirka 6.000 treff på «Nå har vi vaska golvet og vi har børi ved».

MENINGER

Jens Haugan

Men det heiter då ikkje «vaska»! Søkjer ein på «vaske», får ein ca. 8.000 treff. Det er altså rimeleg jamt fordelt mellom desse to variantane.

Korfor er det så mange som trur at det heiter «nå har vi vaska golvet»? Grunnen er nok at dei aller fleste dialektane i Noreg faktisk har «vaska» som bøyingsform, som også er felles for bokmål og nynorsk. Det er på den måten ei samlande ordform. Dette er kanskje ei av «hemmelegheitene» bak suksessen til Julekveldsvisa. Nettopp fordi denne visa er skriven på dialekt, kan dei fleste kjenne seg igjen i språket.

På nynorsk kan ein inntil vidare skrive både «bori» og «brunni». Mange dialektar har «børi» og «brønni». Desse formene vil nok kunne oppfattast som spesielle dialektformer av folk som identifiserer seg med såkalla standard bokmålsbasert austnorsk. På bokmål kan ein berre skrive «båret» og «brent». Men for nokon med nynorsk som referanse, er desse dialektformene absolutt akseptable og lite eksotiske. Også «fortælja» vil mange her på Austlandet sjå på som ei typisk dialektform knytt til ein dialekt utan særleg mykje status, trur ein gjerne. Men «fortelja» er også heilt kurant nynorsk, og ein god representant for det folkelege i Julekveldsvisa.

Dialektane i Hedmark og Oppland passar gjerne i større eller mindre grad med både bokmål og nynorsk. Det er synd at mange vel å ta eit relativt sterkt standpunkt mot nynorsk som sitt skriftspråk og sin språklege identitet.

Når Julekveldsvisa er skriven på dialekt, ei språkform som verken er offisielt bokmål eller nynorsk, er Julekveldsvisa nøytral og språkpolitisk «ufarleg». Alle kan akseptere, like og kanskje elske Julekveldsvisa. Julekveldsvisa passar alle slik ho er.

Julekveldsvisa ser ut til å ha kraft til å samle folk og lage bru imellom seg og himmelen vi er like, eg og du. Du seier «je», og eg seier «æ», men det spelar inga rolle; Julekveldsvisa er like stor.

GOD JULekveldsvise!

Nettopp fordi denne visa er skriven på dialekt, kan dei fleste kjenne seg igjen i språket.

JENS HAUGAN

FAKTA

Julekveldsvisa

Julekveldsvisa har tekst av Alf Prøysen og melodi av Arnljot Høyland. Den ble første gang utgitt i julenummeret av Magasinet for alle i 1951. Den ble skrevet etter oppfordring fra Nils Johan Rud, som var redaktør av bladet. Høyland komponerte opprinnelig melodien til revyvisa «Lærlingens avskjedssang», som Prøysen skrev i 1944. Melodien ble først utgitt sammen med teksten til «Julekveldsvisa» i juleheftet Julehelg i 1952.